

**Fra:** "terje.natland@kvinnherad.kommune.no"  
<terje.natland@kvinnherad.kommune.no>/span>  
**Sendt:** onsdag 16. juli 2025 09:37:09  
**Til:** "Terje Natland" <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>  
**Emne:** Skanna dokument frå Konica Minolta multifunksjonsmaskin  
**Vedlegg:** SKMC550i25071609370.pdf



Kitty M. Guddal Flatland  
Malmanger 17

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Grethe Sandvik	91899796	2018/3966-1		21.12.2018

## Matrikulering av offentlig veggrunn, Elvaborjo, Rosendal

Viser til telefonsamtale 17.12.2018 med din son Lars Arve Flatland vedr eigarforhold som gjeld vegen som går langs elva frå FV 48 og fram til kommunalt lager i Rosendal.

Ut frå kart og matrikkel så ser eg at denne vegen er klassifisert som kommunal veg gnr 83 bnr 70, og at eigedommen blei oppretta i 2012.

Matrikulering av umatrikulert veggrunn var landsomfattande, og for Kvinnherad kommune gjaldt dette dei veger kommunen vedlikeheld som offentlig kommunal veg. Kvinnherad kommune starta arbeid med matrikulering av umatrikulert veggrunn i samsvar med overgangsordning i matrikkelforskrifta, MF § 69 i 2012.

*(1) Eksisterende umatrikulert grunn som benyttes til offentlig veg eller jernbane, kan matrikuleres uten at det avholdes oppmålingsforretning dersom den som hevder å være eier av enheten, setter fram krav om det og matrikuleringen er fullført innen 31. desember 2012. Med krav skal det følge*

*a) egenerklæring for å være eier av enheten*

*b) kart som viser enheten som kreves matrikulert, og informasjon om grenseforløp for enheten når dette mangler eller er ufullstendig i matrikkelen.*

Gjennomføring av dette arbeidet blei varsla med kunngjøring i lokalaviser og Norsk Lysningsblad.

Eg viser særleg til:

Veglova § 5. Alle vegar som utan å vere tatt opp som bygdevegar etter den tidligare veglova, var haldne ved like av ein kommune, er kommunale vegar etter denne lova, dersom ikkje anna blir fastsett med heimel i lova.

Kommunen kan gjere vedtak om å ta opp privat veg som kommunal veg. Jamvel om slikt vedtak ikkje er gjort, er ein veg å rekne for kommunal veg når kommunen har tatt over vedlikehaldet etter reglar i plan- og bygningslova.

Med helsing  
Kvinnherad kommune

Grethe Sandvik  
*saksbehandlar*